

***Nordhordland kompetanseregion***

*for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæring*

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

## **Referat frå styremøte 07/18 NKR - 01.11.18.**

Møtet fann stad på Fleischers hotell på Voss i samband med Regional skuleleiarsamling.

Desse møtte: Olaf Hella, Astrid Brandal Øvsthus, Jahn Olav Nordheim, Kristin Moe, Rita Ludvigsen, Bodil Boie Brekkan og Dina Dyrhovden.

Meldt forfall: Reidun Elin Johannessen og Linda Husa.

Referat vert sendt til HTV i medlemskommunane til orientering.

### **67/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

**Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.**

### **68/18 GODKJENNING AV REFERAT FRÅ MØTE 03.10.18**

**Vedtak: Referat frå møte 03.10.18 vart godkjent.**

### **69/18 DESENTRALISERT KOMPETANSEUTVIKLING - DEKOMP**

*Status Analysekompetanse:* HVL har fått kontaktinformasjon til dei 5 deltakerskulane: Sandes skule – Masfjorden kommune, Årås skule og Kaland barne- og ungdomsskule – Austrheim kommune, Valestrand skule – Osterøy kommune og Fedje skule – Fedje kommune.

Det er oppretta kontakt og avtala dato for møte mellom HVL og Valestrand skule. Skuleeigar planlegg å delta på møtet. Det har vore første møte mellom HVL og Årås skule. Det er viktig at skuleeigar er tett på i desse prosessane.

*Landssamling DEKOMP 11.-12.10.18:* Astrid Brandal Øvsthus og koordinator orienterte frå samlinga. NKR sine val og prioriteringar er i tråd med det som har fokus. Ordninga er ulikt organisert og fordelingsnøklar for tildeling av midlar vert handtert ulikt i dei ulike fylka. Hordaland har 50-50, Sogn og Fjordane har 60-40-deling. Vert spanande å sjå korleis dett vert når me blir Vestland fylke.

NKR må tenkje gjennom måtar og strategiar for korleis trekke alle med. Korleis bruke kompetansen som ligg i regionen? Tenkje nettverk for å dele på kompetansen. Ta i bruk teknologi. Dette er viktige innspel til kompetanseplanen NKR skal legge kompetanseplan.

**Oppsummering: Skuleeigar er tett på. Logge erfaringar. Sak på styremøte framover.**

## 70/18 REGIONAL SKULELEIARSAMLING – DATO OG TEMA VÅR 2019

**DATO:** 20.02.19 er sett av til dette. Datoen er avklara med Ingelin Burkeland.

**TEMA:** Læringsleiing på alle nivå

- Parallell-sesjonar – trening på prosessleiing – simulere - modellere
  - Problembasert veiledning i gruppe
  - Lese fagtekstar – metode: tekstseminar
  - Førebu i Learnlab
- Sjå dette opp mot overordna del/fagfornyelsen
- Aktuelle innleiarar: Sølvi Lillejord. Eirik Irgens.

Forventningar – kva er essensen i det som deltakarane melde inn på Menti?

Styret har fått innspel på at også neste samling bør vere ei 2-dagarssamling. Aktuelt å nytte 19. og 20.02. Undersøkjer om det er mogeleg å gjere dette.

Det vert lagt til rette for eit møte mellom styret og Ingelin Burkeland og Jørn-Arild Mikkelsen frå KS-konsulent i løpet av dag 2 på samlinga. Det vert konferert med dei som ikkje var til stades om det er mogeleg å legge opp til 2 dagar.

## 71/18 KOMPETANSEPLAN

Arbeidsgruppa hadde sett dato for første møte, men avtalen måtte utsetjast.

Reidun Johannessen skal begynne i ny jobb over jul og har bede om at det vert vurdert å velje ny representant til arbeidsgruppa. Styret drøfta saka.

**Vedtak: Olaf Hella går inn som ny representant i arbeidsgruppa.**

Vidare arbeid: Koordinator får på plass avtale for første møte. Kompetanseplanen må ha eit langsiktig perspektiv på meir enn 6 år og sei noko om felles kompetanseheving i oppvekstsektoren

- Barnehage
- Skule
- PPT
- Vaksenopplæring
- Helsestasjon

## 73/18 SKRIV OG MELDINGAR

### a) Kurs/samlingar

- Sjå katalogen her:  
<https://nordhordland.knowledgeportal.no/#/mysearch/search-tag/catalog/2371>

#### **Gjennomført:**

- Nettverkssamling Nyutdanna nyttilsette lærarar grunnskule - Fullført 19.10.18 - 16 deltakarar
- Nettverkssamling Nyutdanna nyttilsette lærarar, barnehage – Fullført 16.10.18 – 12 deltakarar  
Det er kome ny rettleiar som omhandlar veiledning til nyttilsette nyutdanna: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/veiledning-gir-tryggere-larere/id2610493/> - Vert sett opp som sak på neste møte.

#### **Planlagt**

- 09.11.18: Planleggingsdag. Tilbod frå regional barnehagegruppe - NKR som kompetanseheving for barnehagar:
  - a. Dialogisk lesing
  - b. Matematikk i kvardagen

#### **Under planlegging**

- 01.02.19: Thomas Nordahl, Stort arrangement, behov for Nordhordlandshallen. Målgruppe: PPT, lærarar og skuleleiarar ved alle skulane i Nordhordland.
- Regional skuleleiarssamling - oppfølging, sjå sak 70/18

**Vedtak: Styret tek skriv og meldingar til orientering.**

## 74/18 MØTEPLAN VÅREN 2019

24.01.19 - 08.03.19 - 26.04.19 - 26.06.19 – Sommarmøte på Fedje

Koordinator sender ut datoane i Outlook.

## 75/18 MOGELEGE ANDRE SAKER

**NESTE MØTE** Ordinært møte: 14.12.18

Knarvik 06.11.18

Kristin Moe  
Styreleiar

Dina Dyrhovden  
koordinator